Vestland fylkeskommune

# Møteprotokoll

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Fylkesutvalet** |
| **Møtestad:** | Fjernmøte |
| **Dato:** | 15.06.2021 |
| **Tid:** | 14:30-16:00 |

**Følgjande faste medlemer møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Jon Askeland | Leiar | SP |
| Aleksander Øren Heen | Medlem | SP |
| Anne Gine Hestetun | Medlem | A |
| Arve Helle | Medlem | A |
| Emil Lennart Pålikoff Gadolin | Medlem | A |
| Kine Bratli Dale | Medlem | A |
| Natalia Antonia Golis | Nestleiar | MDG |
| Marthe Hammer | Medlem | SV |
| Trude Brosvik | Medlem | KRF |
| Silja Ekeland Bjørkly | Medlem | H |
| Noralv Distad | Medlem | H |
| Svein Kolbein Halleraker | Medlem | H |
| Knut Inge Andersen | Medlem | FNB |
| Morten Klementsen | Medlem | UA |
| Terje Søviknes | Medlem | FRP |
| Sigbjørn Framnes | Medlem | FRP |

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Gunhild Berge Stang | Medlem | V |

**Følgjande varamedlemer møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Alfred Bjørlo | Gunhild Berge Stang | V |

**Frå administrasjonen møtte:**

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann |
| Ingrid Holm Svendsen | Fylkesdirektør organisasjon og økonomi |
| Paal Fosdal | Fylkesdirektør strategisk utvikling og digitalisering |
| Bjørn Lyngedal | Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse |
| Bård Sandal | Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling |
| Per Morten Ekerhovd | Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering |
| Håkon Rasmussen | Fylkesdirektør mobilitet og kollektivtransport |
| Dina Lefdal | Fylkesdirektør infrastruktur og veg |
| Bertil Søfteland | Leiar politisk sekretariat |
| Silje Lyngstad | Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær |

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Arkiv-saksnr | U.Off (lukket) |
|---|---|---|---|
| | **Godkjenningssaker** | | |
| GK 21/21 | Godkjenning av møteinnkalling og sakliste | | |
| | **Politiske saker** | | |
| PS 144/21 | Avtale samarbeid kollektivtrafikk med Bergen kommune | 2021/22053 | |
| PS 145/21 | Revidert Bømlopakke - Endra innretting | 2020/49137 | |
| PS 146/21 | Fylkeskommunal garanti for revidert Bømlopakke etter vedtak i fylkestinget i juni 2018 | 2020/49137 | |
| PS 147/21 | Møteplan for folkevalde organ i 2022 | 2021/19733 | |
| PS 148/21 | Klima- og miljøprisen 2021 | | X |

# Godkjenningssaker

## GK 21/21 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag:

> «Sak PS 131/21 Klima- og miljøprisen 2021 som vart handsama i fylkesutvalet 01.06.21 vert satt på sakskartet til dette møtet i fylkesutvalet.»

**Avrøysting**

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknaden over.

# Politiske saker

## PS 144/21 Avtale samarbeid kollektivtrafikk med Bergen kommune

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek vedlagte forslag til avtale om samarbeid om kollektivtrafikk mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune

2. Avtalen vert å signera når begge partar har handsama saka politisk, og vedteke tilslutnad til avtalen

3. Fylkesrådmannen får ansvar for å setja i verk avtalen på Vestland fylkeskommune sin side

4. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021

5. Erfaringar med avtalen vert evaluert etter to år

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 15.06.2021

**Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke mot 2 røyster (Frp).

**Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek vedlagte forslag til avtale om samarbeid om kollektivtrafikk mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune

2. Avtalen vert å signera når begge partar har handsama saka politisk, og vedteke tilslutnad til avtalen

3. Fylkesrådmannen får ansvar for å setja i verk avtalen på Vestland fylkeskommune sin side

4. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021

5. Erfaringar med avtalen vert evaluert etter to år

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (FRP, FNB, U).

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget vedtek vedlagte forslag til avtale om samarbeid om kollektivtrafikk mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune

2. Avtalen vert å signera når begge partar har handsama saka politisk, og vedteke tilslutnad til avtalen

3. Fylkesrådmannen får ansvar for å setja i verk avtalen på Vestland fylkeskommune sin side

4. Fylkesrådmannen vil leggja fram sak om dei årlege prosessane om innspel til kollektiv- og mobilitetstilbodet mot alle kommunar i Vestland, i løpet av hausten 2021

5. Erfaringar med avtalen vert evaluert etter to år

## PS 145/21 Revidert Bømlopakke - Endra innretting

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til Bømlo kommune sitt ønskje om ei anna innretting av revidert Bømlopakke. Fylkestinget vil på grunnlag av dette anmode Samferdselsdepartementet om å fremje eit nytt utkast til proposisjon til Stortinget basert på punkt 2 til 12 i dette vedtaket.

   Om det viser seg at proposisjonen etter vedtak i denne saka ikkje kan bli fremja for Stortinget før stortingsvalet hausten 2021, ber fylkestinget om at den opphavlege proposisjonen etter fylkestinget sitt vedtak i juni 2018 vert fremja for Stortinget.

2. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompengebidrag på 494 mill. 2021-kr. i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 171 mill. 2021-kr. inkludert mva-refusjon. Pakken skal finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
   a. Fv 541 Sakseid – Hestaneset

   b. Fv 542 Notland – Mosterhamn

   c. Fv 541 Sakseid – Ekornsæter

3. Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringar av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i prioritert rekkjefølgje:

   a. Totlandsvegen – Grindheimsvegen

   b. Laurhammerkjosen – Olakjosen

   c. Grønnevik – Sakseid

Om det er attståande midlar i pakken, kan desse nyttast til andre prosjekt.

4. Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022 – 2027.

5. Dagens innkrevjing på Spissøy med to-vegs innkrevjing blir vidareført. Bompengeinnkrevjinga på ferjesambandet Langevåg- Buavåg skal fortsette i heile bompengeperioden med kronepåslag på ferjetakst.

6. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for takstgruppe 1, og 40 passeringar for takstgruppe 2. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 50 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 69 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.

7. For ferje blir det lagt til grunn eit kronepåslag på for bompengedelen på ferjebilletten på 20 2021-kroner for køyretøy med lengde opptil 6 meter (bilgruppe AP1). For køyretøy med lengde mellom 6 og 12,5 meter (bilgruppe AP2-AP4) er bompengetaksten 40 2021-kroner. For køyretøy over 12,5 meter (bilgruppe AP5-AP9) er bompengetaksten 60 2021-kroner.

8. Om gjennomsnittleg inntekt pr passering kjem under 50 2021-kroner, vert det lagt til grunn at grunntaksten vert justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 50 2021-kroner.

9. Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart.

10. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompengeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg.

11. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 620 mill. 2021-kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 682 mill. 2021-kr. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

12. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i revidert bompengepakke. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år.

### Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 15.06.2021

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ:
>
> Vestland fylkeskommune står på opphaveleg innsendt proposisjon frå fylkestinget juni 2018, og ber om at denne vert fremma for Stortinget.»

**Trude Brosvik (Krf)** sette fram slikt forslag:

> «Tillegg:
>
> Dersom det kjem nye og meir effektive innkrevjingsmetodar i bompengeperioden skal desse vurderast.»

### Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og SV).
Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og SV).

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget viser til Bømlo kommune sitt ønskje om ei anna innretting av revidert Bømlopakke. Fylkestinget vil på grunnlag av dette anmode Samferdselsdepartementet om å fremje eit nytt utkast til proposisjon til Stortinget basert på punkt 2 til 12 i dette vedtaket.
   Om det viser seg at proposisjonen etter vedtak i denne saka ikkje kan bli fremja for Stortinget før stortingsvalet hausten 2021, ber fylkestinget om at den opphavlege proposisjonen etter fylkestinget sitt vedtak i juni 2018 vert fremja for Stortinget.

2. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompengebidrag på 494 mill. 2021-kr. i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 171 mill. 2021-kr. inkludert mva-refusjon. Pakken skal finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
   a. Fv 541 Sakseid – Hestaneset
   b. Fv 542 Notland – Mosterhamn
   c. Fv 541 Sakseid – Ekornsæter

3. Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringar av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i prioritert rekkjefølgje:
   a. Totlandsvegen – Grindheimsvegen
   b. Laurhammerkjosen – Olakjosen
   c. Grønnevik – Sakseid
   Om det er attståande midlar i pakken, kan desse nyttast til andre prosjekt.

4. Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022 – 2027.

5. Dagens innkrevjing på Spissøy med to-vegs innkrevjing blir vidareført. Bompengeinnkrevjinga på ferjesambandet Langevåg- Buavåg skal fortsette i heile bompengeperioden med kronepåslag på ferjetakst.

6. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for takstgruppe 1, og 40 passeringar for takstgruppe 2. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 50 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 69 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.

7. For ferje blir det lagt til grunn eit kronepåslag på for bompengedelen på ferjebilletten på 20 2021-kroner for køyretøy med lengde opptil 6 meter (bilgruppe AP1). For køyretøy med lengde mellom 6 og 12,5 meter (bilgruppe AP2-AP4) er bompengetaksten 40 2021-kroner. For køyretøy over 12,5 meter (bilgruppe AP5-AP9) er bompengetaksten 60 2021-kroner.

8. Om gjennomsnittleg inntekt pr passering kjem under 50 2021-kroner, vert det lagt til grunn at grunntaksten vert justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 50 2021-kroner.

9. Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart.

10. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompengeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg.

11. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 620 mill. 2021-kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 682 mill. 2021-kr. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

12. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i revidert bompengepakke. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år.

13. Dersom det kjem nye og meir effektive innkrevjingsmetodar i bompengeperioden skal desse vurderast.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Vestland fylkeskommune står på opphaveleg innsendt proposisjon frå fylkestinget juni 2018, og ber om at denne vert fremma for Stortinget.»

**Avrøysting**

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.
Innstillinga vart vedteke mot 5 røyster (FNB, SV, U, FRP)

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget viser til Bømlo kommune sitt ønskje om ei anna innretting av revidert Bømlopakke. Fylkestinget vil på grunnlag av dette anmode Samferdselsdepartementet om å fremje eit nytt utkast til proposisjon til Stortinget basert på punkt 2 til 12 i dette vedtaket.
   Om det viser seg at proposisjonen etter vedtak i denne saka ikkje kan bli fremja for Stortinget før stortingsvalet hausten 2021, ber fylkestinget om at den opphavlege proposisjonen etter fylkestinget sitt vedtak i juni 2018 vert fremja for Stortinget.

2. Fylkestinget sluttar seg til det føreslåtte opplegget for revisjon av Bømlopakken slik det er skissert i denne saka. Dette inneberer eit bompengebidrag på 494 mill. 2021-kr. i den reviderte pakken. Fylkeskommunen skal bidra med 171 mill. 2021-kr. inkludert mva-refusjon. Pakken skal finansiere følgjande 3 prosjekt i prioritert rekkjefølgje:
   a. Fv 541 Sakseid – Hestaneset
   b. Fv 542 Notland – Mosterhamn
   c. Fv 541 Sakseid – Ekornsæter

3. Om det står att midlar i pakken, vert det sett av ei ramme til mindre utbetringar av fylkesvegnettet på Bømlo. Følgjande tre prosjekt skal prioriterast i prioritert rekkjefølgje:
   a. Totlandsvegen – Grindheimsvegen
   b. Laurhammerkjosen – Olakjosen
   c. Grønnevik – Sakseid
   Om det er attståande midlar i pakken, kan desse nyttast til andre prosjekt.

4. Det vert lagt til grunn at utbygging av den reviderte pakken skal skje i perioden 2022 – 2027.

5. Dagens innkrevjing på Spissøy med to-vegs innkrevjing blir vidareført. Bompengeinnkrevjinga på ferjesambandet Langevåg- Buavåg skal fortsette i heile bompengeperioden med kronepåslag på ferjetakst.

6. Ved bruk av elektronisk brikke får køyretøy i takstgruppe 1 ein rabatt på 20 pst. Det blir ikkje gitt rabatt til køyretøy i takstgruppe 2. Det er lagt til grunn at nullutsleppskøyretøy skal ha inntil 50 pst. av taksten for konvensjonelle køyretøy. Det er lagt til grunn innføring av eit månadleg passeringstak på 30 passeringar for takstgruppe 1, og 40 passeringar for takstgruppe 2. Når innkrevjinga i dei nye bomstasjonane startar, er det lagt til grunn ei gjennomsnittleg inntekt per passering på omlag 50 kr (2021-kr). Dette svarar til ein grunntakst på om lag 69 kr (2021-kroner) for køyretøy i takstgruppe 1 (køyretøy med tillat totalvekt til og med 3500 kg samt køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale). Køyretøy i takstgruppe 2 (køyretøy med tillat totalvekt frå og med 3501 kg ekskl. køyretøy i køyretøykategori M1 med elektronisk brikke og gyldig avtale), betaler dobbelt takst.

7. For ferje blir det lagt til grunn eit kronepåslag på for bompengedelen på ferjebilletten på 20 2021-kroner for køyretøy med lengde opptil 6 meter (bilgruppe AP1). For køyretøy med lengde mellom 6 og 12,5 meter (bilgruppe AP2-AP4) er bompengetaksten 40 2021-kroner. For køyretøy over 12,5 meter (bilgruppe AP5-AP9) er bompengetaksten 60 2021-kroner.

8. Om gjennomsnittleg inntekt pr passering kjem under 50 2021-kroner, vert det lagt til grunn at grunntaksten vert justert slik at gjennomsnittleg takst pr passering kjem opp på 50 2021-kroner.

9. Bompengeperioden er sett til 15 år frå innkrevjingstart.

10. Fram til innkrevjinga kan starte i det nye bompengeopplegget, fortset innkrevjinga som før i eksisterande bomstasjon på Spissøya og i ferjesambandet Langevåg-Buavåg.

11. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 620 mill. 2021-kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 682 mill. 2021-kr. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

12. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i revidert bompengepakke. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år.

13. Dersom det kjem nye og meir effektive innkrevjingsmetodar i bompengeperioden skal desse vurderast.

## PS 146/21 Fylkeskommunal garanti for revidert Bømlopakke etter vedtak i fylkestinget i juni 2018

Forslag til innstilling

Om proposisjon for revidert Bømlopakke skal vere basert på fylkestinget sitt vedtak av 2018, vert det opphavlege garantivedtaket erstatta av følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 780 mill. 2021- kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 858 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

**Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 15.06.2021**

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

> «Alternativ:
>
> Vestland fylkeskommune står på opprinnelig garantivedtak frå juni 2018.»

**Avrøysting**

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (Frp, UA og SV).

**Innstilling til fylkesutvalet**

Om proposisjon for revidert Bømlopakke skal vere basert på fylkestinget sitt vedtak av 2018, vert det opphavlege garantivedtaket erstatta av følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 780 mill. 2021- kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av

til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 858 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, FRP)

**Innstilling til fylkestinget**

Om proposisjon for revidert Bømlopakke skal vere basert på fylkestinget sitt vedtak av 2018, vert det opphavlege garantivedtaket erstatta av følgjande vedtak:

1. Under føresetnad av godkjenning av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, garanterer Vestland fylkeskommune ved sjølvskuldnarkausjon for eit maksimalt låneopptak for bompengeselskapet, avgrensa til 780 mill. 2021- kr for heile Bømlopakken, med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle renter og omkostningar. Det samla garantibeløpet vert følgjeleg 858 mill. 2021-kr. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar

2. Garantien gjeld frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Vestland fylkeskommune i byggjeperioden, og gjennom innkrevjingsperioden på 15 år frå oppstart på innkrevjinga i dei nye bomstasjonane. I tillegg skal garantien gjelde inntil to år, jf. garantiføresegna § 3. Samla garantitid vert, inkludert byggjeperioden, på inntil 17 år frå fyrste opptrekk på finansieringa i samband med rekvisisjonar frå Statens vegvesen. Garantien gjeld inntil bompengeselskapets gjeld er nedbetalt og vert redusert i takt med nedbetalinga av lån. Garantisten har rett til å sikre garantien med retten til å krevje inn bompengar.

## PS 147/21 Møteplan for folkevalde organ i 2022

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 01.06.2021**

**Fylkesordførar Jon Askeland (SP)** sette fram slikt forslag til utsetjing:

«Saka vert utsett til neste møte i fylkesutvalet»

**Avrøysting**

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Saka vert utsett til neste møte i fylkesutvalet.

**Saksprotokoll i fylkestinget - 16.06.2021**

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

**Saksprotokoll i fylkesutvalet - 15.06.2021**

**Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

**Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget viser til saksframstillinga og vedtek framlagte møteplan 2022 for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune.

2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ein samla møteplan for alle folkevalde organ i Vestland fylkeskommune på fylkestinget 29.september.

## PS 148/21 Klima- og miljøprisen 2021

Saka er unntatt offentlegheit.